

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Mandag 21.08.23 kl. 09-14, K1, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Raymond Lie (RIO), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Øivin Ask (SAFO), Trude Aarseth (FFO), Ulrikke Tranberg (SAFO), Torveig Botnen (Pensjonistforbundet) Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fråvær	Michael Sønnesyn (FFO)

Saksnr	Saka gjeld
23/66	<p>Velkomen</p> <p>Godkjenning av referat, innkalling og dagsorden</p> <p>Avgjerd:</p> <p><i>Ingen merknader til dagsorden og innkalling.</i></p> <p><i>Referat 12.06.23, innkalling og dagsorden er godkjent utan merknader.</i></p>
23/67	<p>Høyringssvar; Varselutvalets rapport <i>Fra varsel til læring og forbedring</i> v/Linda</p> <p>Brukarutvalet syns Varselutvalets rapport er god og grundig, og syns Helse Bergen sitt utkast til høyringssvar er bra, men ein er ueinig i eit par punkter.</p> <p>Avgjerd:</p> <p><i>Leiar og nestleiar samlar innspela i møtet, samt dei som har komme skriftleg, sender høyringsinnspel til fagdirektør 21.08.23.</i></p>
23/68	<p>Brukarutvalet på sosiale medium / Synnøve Stub, Kommunikasjonsavdelinga</p> <p>Brukarutvalet fekk ein gjennomgang av kva som er viktig å tenke på i forkant av opprette til dømes ei Facebook-side for Brukarutvalet. Kva er hensikta, kven er målgruppa, kven skal drifte den, kva er plan for publisering av innhald.</p> <p>Dersom ein vel å ikkje opprette ein slik konto, kan Kommunikasjonsavdelinga vere behjelpeleg med å dele innhald frå Brukarutvalet i sine kanalar.</p>
23/69	<p>Årsrapport frå Pasient- og brukarombodet v/ seniorrådgjevar Marianne G. Litland og rådgjevar Mette Haagensen, Pasient- og brukarombodet Vestland</p> <p>Pasient- og brukarombodet er ei uavhengig ordning organisert under Helsedirektoratet. Dei har kontor i kvart fylke og har eit nasjonalt koordinerande brukarombod som leiar i Vestland innehavar. I 2021 fekk dei eit eget nasjonalt brukarråd som består av dei store pasient- og brukarorganisasjonane. Dei jobbar tverrfagleg og dei har både juristar og helsepersonell. Alle kan ta kontakt for å få hjelp, og ombodet gir både folkeopplysning, gir vegleiing og bidreg i klagesaker og pasientskadeerstatning, samt med dialog med helsetenestene saman med pasientar og pårørande. Kvar sak blir vurdert individuelt. I nokre tilfelle kan ombodet løfte tematikk på generelt grunnlag, som til dømes fastlegekriza.</p> <p>Mange tok kontakt i 2022; halvparten er pasientar og halvparten er pårørande, ein ser ein ytterlegare auke i 2023. Om lag 55 % av sakene gjaldt spesialisthelsetenesta og 45 % kommunehelsetenesta.</p> <p>Pasient- og brukarombodet jobbar for å gjere seg betre kjent, og skal blant anna ut i Områdeutvala i Helsefellesskapet, og skal også møte leiinga i Helse Bergen.</p>

	<p>Avgjerd: Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering. Brukarutvalet ønskjer å legge kontaktinformasjon til Pasient- og brukarombodet på sin internettseite.</p>
23/70	<p>Program Sentralblokken v/ prosjektleiar Merethe Storegjerde</p> <p>Program Sentralblokken har hatt ein heildagssamling der dei har diskutert korleis areal og løysingar for poliklinikk og dagbehandling skal utformast i Sentralblokka, og korleis ein skal sikra at løysingane/konsepta for Sentralblokka heng saman.</p> <p>Det er gitt innspel til spørsmåla</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. «Kva om...» 2. <i>Kva er det vi gjer i Sentralblokken i dag som er for dumt?</i> <p>og ein ønskjer no innspel på det same frå Brukarutvalet.</p> <p>Innspel i møtet;</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kanskje det hadde vert ein god ting å få ein eigen personalkantine i 3. etg. , ca 15 % av brukarane er eksterne, ikkje så stor trykk frå pasientar og pårørande i kantinen i 3. etg.</i> • <i>Tenke nøye gjennom kva som må vere i Sentralblokken; kva er grunnen til at det må vere så mykje kontorareal i Sentralblokken? Kvifor må Høyresentralen vere i Sentralblokken?</i> • <i>Bør prioritere betre venteareal for pasientar, spesielt gjelder dette for pasientar med utfordringar innan psykisk helse eller rus. Sikre at det er gode stoler/sitteplassar.</i>
23/71	<p>Markering av Pårørande-dagen 22.09.23</p> <p>Brukarorgana i Helse Bergen ønskjer å markere Pårørandedagen 22.09.23. Kvart organ stiller med representantar til ei arbeidsgruppe.</p> <p>Ei markering kan enten vere digital eller fysisk. Arbeidsgruppa blir einig om kva ein ønskjer å formidle, kva innhaldet skal vere og korleis markeringa skal vere.</p> <p>Avgjerd: Frå Brukarutvalet deltar Trude, Linda og Eli i arbeidsgruppe.</p>
23/72	<p>Arbeid med korleis frivillige og pasient- og brukarorganisasjonar kan brukast meir v/ Linda og Eli</p> <p>Helsepersonellkommisjonen slår i sin rapport fast at ein av dei største utfordringane for helsevesenet i åra som kjem er at det vil vere ein knappheit på helsepersonell, og at ein i større grad må involvere frivillige, pårørande, likepersonar og pasient- og brukarorganisasjonar i helsetenesta.</p> <p>Brukarutvalet ønskjer å sjå på korleis pasient- og brukarorganisasjonane både kan gjerast meir kjent for pasientar, pårørande og helsepersonell, men også korleis dei kan nyttast meir i helsetenesta.</p> <p>Kan ein inngå forpliktande samarbeidsavtaler mellom sjukehus og pasient- og brukarorganisasjonar som kan vere eit supplement til offentleg helseteneste?</p> <p>Kan dei brukast som informasjonskjelde, nettverk, likepersonar? Helsepersonell trenger meir kunnskap om kva organisasjonar som finnes.</p> <p>Kanskje kan ein begynne med ei nettside med informasjon og lenker til dei ulike pasient- og brukarorganisasjonane? Kanskje ha ein workshop saman med pasient- og</p>

	<p>brukarorganisasjonane, saman med dei andre brukarorgana i Helse Bergen? Ein kan også invitere seg inn på fagdagar/opne fagdagar.</p> <p>Ein ønskjer også å sjå korleis dei frivillige i enno større grad kan vere ein ressurs for sjukehuset. Ein ønskjer å invitere leiarane for dei frivillige både på Haraldsplass og Helse Bergen til et møte i Brukarutvalet.</p> <p>Avgjerd:</p> <p>Koordinator vil i dialog med leiar og nestleiar melde dette som en sak til Prioriteringsteamet. Koordinator inviterer leiar for Frivilligtenesta til møte i Brukarutvalet.</p> <p>Temaet vil også bli diskutert på brukarmedverkarsamling i slutten av oktober, noko som vil kunne gi innspel til korleis ein kan jobbe vidare med denne saken.</p>
23/73	<p>Status Flytte- og ta i bruk-prosjektet, Glasblokkene v/ Ingjerd Vaula Nesbø</p> <p>Eit av hovudmåla for Glasblokkene er å gi heilskaplege, tilpassa og samanhengande spesialisthelsetenester for barn, unge og kvinner. Glasblokkene er eit komplett sjukehus med totalt 2168 rom.</p> <p>Innflytting vil bety ein betydeleg omlegging av drifta for mange einingar; nokre miljø får delt verksemda i fleire deler, mens andre einingar blir kobla tettare på.</p> <p>Planlagt flytting er utsett grunna pasientvarslingssystem, og alarmer.</p> <p>Nye flyttedagar er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Måndag 23.oktober: BUK, Lab, Radiologisk, anestesi og poliklinikkar, forskingsmiljø og palliativ sengepost. • Tysdag 7. november: hele KK; Gyn og Føde, KSK KK, Lab.klinikken til KK <p>Alle pasientar blir flytta på ein dag og over så kort tidsrom som mogleg, etter klinisk prioritering og med personell som følger.</p> <p>Eiget flyttebyrå skal flytte møbler og ting. Kvar eining har eigen flyttekoordinator som har fått dedikerte oppgåver. Det vil vere eit eget flyttesekretariatet på flyttedagane, samt beredskapsleiing i klinikkk.</p> <p>Det er invitert til open dag for kommunar og andre samarbeidspartnarar 12.09.23, og for befolkninga elles 14.09.23.</p> <p>Det er publisert eigne flyttesider på Helse Bergen sin nettside og det lenkes til desse i alle innkallingsbrev.</p> <p>Avgjerd:</p> <p>Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering.</p>
23/74	<p>Invitasjon til å besøke Amalie Skrams hus 26.09.23 kl. 12 – 14.</p> <p>Styret i Amalie Skrams hus har invitert til omvising og presentasjon av huset, filosofien det er bygget på og dialog om betydninga huset har for brukarane.</p> <p>Avgjerd:</p> <p>Linda, Reidun og Everline frå Brukarutvalet deltar på omvising på Amalie Skrams hus.</p>
23/75	<p>Vararepresentant til Fagråd for ernæring</p> <p>Avgjerd:</p>

	<i>Torveig Botnen blir vararepresentant i Fagråd for ernæring. Nestleiar gir beskjed til sekretær i Fagrådet.</i>
23/76	<p>Seminar om prioritering og overbehandling</p> <p>Brukarutvalet er blitt utfordra på å invitere avdelingane og klinikkane til eit seminar om prioritering og overbehandling.</p> <p>Ein vil høre med dei andre brukarorgana og dette er noko ein vil gjere i fellesskap, og det kom innspel på at også Klinisk Etikk-komité bør inviterast inn.</p> <p>Avgjerd: <i>Koordinator vil i dialog med leiar og nestleiar melde dette som en sak til Prioriteringsteamet.</i></p>
23/77	<p>Eventuelt</p> <p>Legeforeningen ønskjer ein eigen personalkantine i 3. etg. i Sentralblokka og har tatt kontakt for å høre kva tankar Brukarutvalet har om dette. Det er eit stor sakn for tilsette at ein ikkje har ein felles møteplass for faglege diskusjonar og bli kjent på tvers. Tal tyder på at 85 % av de som bruker kantinen er helsepersonell. Brukarutvalet trur ikkje ein eigen personalkantine vil få konsekvensar for pasientar og pårørande, og er positive til eit slikt tiltak.</p> <p>Avgjerd: <i>Leiar gir tilbakemelding til Legeforeningen om at Brukarutvalet stiller seg positive til eit slik tiltak.</i></p>